



RUTINAR FOR FLAGGING I TIME KOMMUNE

Desse rutinane bygger på Time kommune sitt til ein kvar tid gjeldande flaggreglement som er godkjent av kommunestyret.

1 Reglar for bruk av nasjonalflagget

- a) Time kommune nyttar det norske flagget utan splitt og tunge, også kalla nasjonalflagget
- b) Flagget skal handsamast med respekt
- c) Flagget skal aldri koma i kontakt med bakken
- d) Flagget si lengd skal vere 1/3 av lengda på flaggstonga
- e) Øydelagde flagg skal ikkje nyttast
- f) Øydelagt flagg skal brennast eller sprettast opp, og fargane skal skiljast frå kvarandre

2 Ansvar for flagging

Følgande einingar har ansvar for flagging etter Time kommune sitt flaggreglement §§ 4 og 5:

- a) Eigedom for §§ 4.1, 4.2 b c d, 4.4, 5.2 og praktisk gjennomføring av §§ 4.2 a, 5.1 a b
- b) Politisk sekretariat for §§ 4.2 a, 5.1 a b
- c) Skulane for §§ 4.3 a, 5.1 d. Skulesjef saman med rektorgruppa tek avgjerdse på flagging etter § 4.3b
- d) Verksemdsleiar på aktuell tenestestad for § 5.1 c

Ansaret inneber å sjå til at det vert flagga når det skal. Den praktiske gjennomføringa av flagginga kan avtalast at vert gjennomført av andre.

3 Omsyn til vêrforhold

Som hovudregel skal det ikkje flagast når Meteorologisk institutt har send ut oransje eller raudt farevarsel for vind, og elles ved vêrforhold som kan medføre skade på utstyr eller fare for personar.

4 Utlån av flagg

Eventuelt utlån av flagg skjer etter avtale med innbyggarservice.

Godkjent av kommunedirektøren 19.06.2026